



Bømlo  
kommune

# Kva skjer

## Her er nokre av aktivitetane i nærområdet ditt **3. mars til 9. mars**



### **Måndag 3. Kl. 16.00 - Bok og strikk - Hillestveit skule**

Kom for sosialt samvær, ta med strikk eller anna handarbeid og få ein kopp kaffi av Anne Grete. Ho vil også ha formidling av bøker. Velkommen til biblioteket sin filial på Langevåg



### **Tysdag 4. Kl. 10.00 - Vinterutstilling - Bømlo kulturhus/dansesalen**

Siste dag med vinterutstillinga "Ikke kall det natur" med Judy Sirks Vevle i regi av Bømlo kunstlag. Utstillinga er ope til kl 18.00



### **Tysdag 4. Kl. 13.00 - Digital kvardag for alle - Bømlo folkebibliotek**

Ta med eigen data, nettbrett eller smarttelefon og bli med på ein lærerik og sosial stund med enkel servering. For påmelding, ring Frivilligsentralen på tlf 53 42 14 14 eller gje beskjed til dei som jobbar i biblioteket innan 21. februar. Arrangementet er gratis. Tema denne tysdagen er foto og lagring



### **Onsdag 5. Kl. 12.15 - Seniorsymjing - Bømlo symjehall**

Trening og samvær med andre i eit litt rolegare miljø. Du kan symje i begge bassenga alt etter kva du ynskjer. Bill.pris kr. 75



### **Søndag 9. Kl. 16.00 - Vårkonsert - Bømlo vgs, Leite**

Bømlo kormix inviterer til konsert ilag med gjester. Utlodning og sal av kaker. Gratis arrangement

**Ynskjer du informasjon om fleire aktivitetar?**

Gå til nettsidene [bomlo.kommune.no](http://bomlo.kommune.no)

Leveres i  
samarbeid med



# Nytt og nyttig

## Nokre av dei finaste stundene i livet er planlagde

Har du tenkt på korleis du ønskjer at livet ditt som pensjonist skal sjå ut? Kvar og korleis ønskjer du å bu, og kva vil du fylle tida di med? Eit godt liv heile livet handlar ofte om å halde fram med mykje av det du trivst med i dag. Du må berre planlegge litt.

Derfor har vi utvikla nettsida [planleggelitt.no](https://planleggelitt.no), full av inspirasjon og gode tips til kva du bør tenkje over, planlegge for og gle deg til når du nærmar deg pensjonsalderen – eller kanskje allereie er der.

### Her er nokon ting det er verd å reflektera over:

- Har du familie og nære venner i nærleiken der du bur no, eller ønskjer du å flytte nærare dei?
- Kjenner du deg trygg der du bur, med gode naboar og nærmiljø du trivst i?
- Kva gir deg glede i kvardagen?



*Foto: Aldersvennlig Norge*

Besøk [planleggelitt.no](https://planleggelitt.no) for meir inspirasjon

Les mer på [planleggelitt.no](https://planleggelitt.no)